

# Musikkterapi for å skape samanheng i fosterbarn sine nettverk

Ane Bergset Mandal og Liv-Jorun Bergset

## SAMANDRAG

*I denne teksten vil vi beskrive erfaringar frå musikkterapi som ein integrert del av eit oppfølgingstilbod for barn og unge i fosterheim. Mange ungdomar som bur i fosterfamilie kan oppleve å ha eit fragmentert nettverk. Vi som jobbar innanfor dette fagfeltet har ei viktig oppgåve i å finne metodar som kan vere med å skape samanheng i livet til desse utsette barna og ungdomane. Teksten omtalar "Ida", ein ungdom som har hatt musikkterapi som oppfølgingstilbod i fosterheim, og drøftar dette praksiseksempelet i lys av økologisk systemteoretisk perspektiv. Ida si historie er på mange måtar ikkje unik, samanlikna med mange andre fosterheimsbarn. Etter at Ida måtte flytte frå sine biologiske foreldre har ho skifta fosterfamiliar, skular og vennegjengar opp til fleire gongar. Mange av desse ulike gruppene kjenner ikkje til kvarandre. Vi hevdar i denne teksten at heimebesøk med musikkterapi i fosterfamiliar kan styrke nettverka kring ungdomen. Dette kan igjen vere fruktbart for å styrke kontinuiteten i livshistoria til den unge som har opplevd mange relasjonsbrot. På tross av begrensa forsking på temaet, argumenterer vi for at musikkterapi i fosterheimar er relevant. Vi ønsker å bidra til bevisstgjering kring den betydning og det potensial musikkterapi i fosterheimar kan ha for dei ungdomane det gjeld.*

**Nøkkelord:** *Musikkterapi, barnevern, fosterbarn, fosterheim, økologisk utviklingsteori, nettverk, Bronfenbrenner.*

## Fosterheimsbarn og brudd i relasjonar

Gruppa fosterheimsbarn er omfattande og rommar mange menneske med kvar sine historier. Felles for fosterheimsbarn er at dei er skilt frå omsorgspersonane som skulle vere deira viktigaste tilknytning gjennom oppveksten (Sinclair et al., 2005). Ungdomar som bur i fosterheim har såleis erfaring med brudd i nære relasjonar. Når barn eller ungdom blir plassert i fosterheim, skaper det store omveltingar i livet. Den unge kan bli flytta så langt geografisk at han ikkje lenger kan ha dagleg kontakt med nettverket sitt. Kor mykje kontakt den unge og hans biologiske familie skal ha, er barnevernet si vurdering. Her vil omsynet til den unge vere det som tel. Kva er målet med kontakta? Skal den vere eit steg mot gjenforening eller er det for å oppretthalde den unge sin identitet og plass innanfor eit nettverk? (Farmer et al., 2004). Kontinuitet er eit viktig begrep i denne samanheng (Bunkholdt & Kvaran, 2015), og i denne teksten betyr det å ha ei samanhengande livshistorie.

Barn og unge som er plasserte i fosterfamiliar opplever ofte ambivalens fordi dei må forholde seg til både biologisk familie og fosterfamilie, noko mange kan oppleve som svært vanskeleg. Bunkholdt og Kvaran (2015) understrekar at kontinuitet påverkar identitetsutviklinga og mange kan difor ha eit behov for å vite om og forstå fortida, samt korleis denne har påvirka oss. Dei skriv vidare at barn som vert flytta frå sin biologiske familie ofte kan føle seg åleine om si historie. Viktige personar i deira tidlegare livshistorie, og viktige personar i deira noverande situasjon, kjenner ofte ikkje til kvarandre. Sinclair et al. (2005) etterspør meir forsking på forholdet mellom barnet sin situasjon i fosterfamilien og deira liv i andre miljø og nettverk. Problemstillinga for denne teksten er dermed: *Kva betydning og potensial kan heimebesøk med musikkterapi i fosterfamiliar ha for å styrke mesosystemet til ungdomen?*

I neste avsnitt vert det gjeve ein presentasjon av Ida, som har budd fire år av sitt unge liv i fosterheim. Vidare i teksten vil eksempelet Ida drøftast med teori som belyser verdien av musikkterapi i heimebesøk med fosterheimsbarn. I lys av Bronfenbrenner (1979) sin utviklingsteori, vil vi sjå nærmare på om musikkterapi i fosterfamilie kan vere ein fruktbar måte for å knyte saman dei ulike nettverka til Ida, og såleis skape kontinuitet i hennar liv.

### Vignett

*Ida og musikkterapeuten møtast annankvar veke i fosterheimen til Ida. Sidan møtet er rett etter skuletid, hender det at musikkterapeuten et middag saman med fosterfamilien. Ida fortel at ho prøvar å ta omsyn til den nye familien barnevernet har plassert ho i, samtidig som ho ofte lurer på korleis hennar eigen familie har det. Ida er svært glad i*

*musikk, og brukar det mykje i kvarldagen sin. Biologisk mor har ofte eit ynskje om at Ida skal synge nokre låtar for ho når dei møtast. Vi forbereder ofte songar til neste besøk.*

*Ein dag vert Ida med å opptre på ein huskonsert i byen saman med ungdomar som får oppfølgingstilbod frå andre musikkterapeutar i regi av barnevernet. Ida opptrer saman med musikkterapeuten og fosterfar på gitar. I salen sit ei rørt mor ved sidan av fostermor. Etter denne oppredenen skjer det mykje med Ida. Ho opptrer på endå ein huskonsert, og ho byrjar delta på musikkverkstad der andre ungdomar som bur i fosterheim eller på barnevernsinstitusjon deltek. Her får ho seg nye vener. Neste gong Ida og musikkterapeuten møtast vil ho skrive ein låt, og ho har ei klar meining om kva den skal handle om. Den skal handle om det å brått bli henta frå heimen sin, og dei vondé tankane som følgjer. Det skal vere ein song som andre barnevernsbarn kan kjenne seg att i. Ida tek låta flittig i bruk, både i samband med framføring på skulen og på besøk med mor si. Når mor spør Ida om kvifor ho ikkje har fortalt om desse følelsane før, svarar Ida at det forklarar songen.*

## Teoretisk bakgrunn

I arbeid med barn og unge er konteksten viktig for å forstå korleis ein utviklar seg som menneske og kvifor individet handlar som det gjer. Innanfor utviklingspsykologi kallar ein dette perspektivet eit økologisk utviklingsperspektiv; ein tenker seg at miljøet individet er ein del av, har avgjerande betydning for korleis vedkommande utviklar seg. Familie, vene og klassemiljø har ei viktig rolle i utviklinga, men også kulturen og samfunnet har stor påverknad.

Bronfenbrenner (1979) representerer eit slikt økologisk perspektiv, og ved hjelp av hans teori og utviklingsbegrep kan det forklare korleis Ida si utvikling er knytt til interaksjonen mellom henne og konteksten ho lever i. I det neste avsnittet vert det gjeve ein kort presentasjon av Bronfenbrenner sine begrep og teoriar. Dette for å sjå korleis perspektivet kan vere nyttig når vi seinare i teksten vil fokusere på rolla musikken og musikkterapeuten kan ha i den unge sitt liv.

### Bronfenbrenner sitt utviklingsbegrep og økologiske modell

Vi menneske høyrer til ulike grupper frå fødsel til død. I starten av livet blir vi fødde inn i ein familie, eit nabolag, eit samfunn, ein kultur. Vi kan tenke oss at dette dannar rammene for korleis vi utviklar oss som menneske. Er vi så heldige å bli fødde inn i ein kjærleg og omsorgsfull familie der vi føler oss trygge og elskaa, eller er livet prega

av vanskelege familieforhold heilt frå starten? Og korleis blir livet vidare? Opplever vi å vere ein del av eit støttande nettverk eller kjenner vi oss åleine? Dette er med å spele ei viktig rolle i utviklinga av oss som menneske. Ein måte å definere begrepet utvikling er Bronfenbrenner (1979) sin definisjon: "[...] a lasting change in the way in which a person perceives and deals with his environment" (Bronfenbrenner, 1979: 3). Ut frå denne definisjonen er utvikling ikkje berre ein intrapsykologisk prosess, men skjer i ein interaksjon mellom individet og den konteksten vedkommande lever i. Med utgangspunkt i ei slik forståing av utvikling, blir det viktig å få kunnskap om kva miljø individet er ein del av. I Bronfenbrenner (1979) sin økologiske modell blir våre nærmiljø delt inn i ulike system, og han ser menneskeleg utvikling som situert i ein kompleks kontekst. Modellen er relevant fordi den anerkjenner individet si subjektive oppleving, samtidig som den vektlegg betydninga av faktorar i andre system som ein del av individet si utvikling.

Den økologiske modellen består av fire system: mikro-, meso-, ekso- og makrosystem (Bronfenbrenner, 1979). Det grunnleggande nivået er *mikrosystemet* der individet er aktiv deltakar med personleg kommunikasjon, samt inkluderar dei situasjonane som involverar personen gjennom ansikt til ansikt-kontakt. Dette kan vere fosterfamilie, biologisk familie, nabolag, skule, arbeidsplass eller vennegjeng. *Mesosystemet* er forbindelsen mellom individet sine mikrosystem, og kan til dømes vere forholdet mellom foreldre og skule. Det handlar altså om sambandet mellom systema den unge har direkte kontakt med. Dette systemet ønsker vi sjå nærare på, og knytte det til situasjonen ein del fosterheimsbarn er i. I *eksosystemet* foregår det prosessar som påverkar individet indirekte ved at dei sosiale prosessane påverkar mikrosystemet. Dette kan inkludere foreldra sin arbeidsplass eller leiinga ved skulen. Det øverste nivået er *makrosystemet* og kan beskrivast som strukturar, ideologiar, lover, osv. (Nafstad et al., 2009). Dei ulike systema står ifølge Bronfenbrenner (1979) i eit dynamisk forhold til kvarandre. Utvikling hos individet skjer i interaksjon mellom personen og dei ulike systema personen er ein del av (Bronfenbrenner, 1979). I tillegg til at personen blir påverka av sitt miljø, påverkar også personen miljøet. Utvikling kan dermed skje i all interaksjon mellom individet og omgivelsane. Denne prosessen blir påvirka av både biologiske og psykologiske eigenskapar ved individet på den eine sida, og karakteristika ved miljøet på den andre sida (Bronfenbrenner & Morris, 1998).

### *Risikofaktorar og beskyttande faktorar i dei ulike systema*

I dei ulike systema rundt det enkelte individ fins det kontekstuelle faktorar som er med å påverke utviklinga, i positiv eller negativ retning. Mellom anna kan risikofaktorar i

dei ulike systema personen tilhører, ha negativ påverknad på utviklinga til ungdomen (Coleman & Hagell, 2007).

På *individnivå* kan risikofaktorar inkludere personen sitt temperament og mangel på impulskontroll, därleg sjølvbilde eller lav sjølvtillit. I *mikrosystemet* kan eksempel på risikofaktorar vere vanskeleg skulekvardag og vanskelege familieforhold. For fosterbarn kan risikofaktorar i mikrosystemet også vere problematiske relasjonar til biologisk familie eller fosterfamilie. Eksempel på risikofaktor i *mesosystemet* kan, som vi vil komme tilbake til seinare, vere manglende kontakt og samband mellom mikrosistema. Foreldrene sin jobb, lave sosiale status, därleg økonomi, eller eit uthyrt nabolag er eksempel på risikofaktorar i *eksosystemet*. For unge som bur i fosterheim kan ein tenke seg at prosessar i barnevernet, der det blir teke beslutningar om vegen vidare for den unge, er eit eksempel på eit slikt eksosystem. Om desse beslutningane ikkje inkluderer den unge sjølv i prosessen, eller at det vert teke avgjerdsle som ikkje er til ungdomen sitt beste, er dette også eksempel på risikofaktorar i eksosystemet. I *makrosystemet* kan eksempel på risikofaktorar vere negative haldninga til fosterheimsbarn, gjerne uttrykt i media eller andre stadar i samfunnsdebatten.

Om det førekjem *ein* slik risikofaktor i eit system, treng det ikkje ha negativ innverknad. Når det derimot er risikofaktorar i fleire system samtidig, blir det ei akkumulering av risikofaktorar og den unge kan bli meir mottakeleg for å utvikle problemferd (Coleman & Hagell, 2007).

Samtidig som det er viktig å vere klar over risikofaktorar, er det like viktig å forstå kva ressursar, eller beskyttande faktorar, som fins både hos den unge og i sistema rundt, samt jobbe for å styrke desse. Dette perspektivet kan settast i samanheng med resiliensperspektivet. Rutter (2006: 1-2) defineraresiliens slik:

The term resilience is used to refer to the finding that some individuals have a relatively good psychological outcome despite suffering risk experiences that would be expected to bring about serious sequelae. In other words, it implies relative resistance to environmental risk experiences, or the overcoming of stress or adversity.

Ved å redusere sårbarheita for risikofaktorane i miljøet, kan individet klare seg på ein god måte på tross av motgang. Resiliensforskinga har tidlegare hatt ein tendens til å fokusere på indre faktorar hos personen, men i dei siste åra er også den blitt meir oppteken av det økologiske perspektivet (Waller, 2001). Når ein jobbar i tråd med det økologiske perspektivet i møte med fosterbarn, fokuserar ein både på individretta arbeid med den unge, samtidig som ein fokuserar på systema den unge tilhører. Ein har i ulike studier sett at jo meir varige og alvorlege risikofaktorane for ein person er,

jo sterkare må dei beskyttande faktorane vere for at personen skal klare seg (Coleman & Hagell, 2007). Førebygging og endringsarbeid bør derfor innebere å arbeide både med å styrke beskyttande faktorar, og å fjerne eller redusere risikofaktorar i dei ulike systema til individet. Når vi no skal sjå nærmare på risikofaktorar i mesosystemet, vil vi fokusere på korleis musikkterapi kan brukast for å redusere desse og bidra til ei meir positiv utvikling for den unge.

### *Fragmenterte nettverk som risikofaktor*

Forbindelsen mellom mikrosystem er det Bronfenbrenner (1979) kallar mesosystemet. Som vi var inne på tidlegare, er det grunn til å anta at mikrosystemet til ein del fosterheimsbarn ofte er fragmenterte. Dette kan bety at det er lite kontakt mellom dei ulike primærgruppene i mikrosystemet; mellom biologiske foreldre og fosterforeldre, mellom fosterforeldre og tidlegare vener, mellom lærarar og saksbehandlar i barnevernet. I nokre tilfelle er det viktig for den unge si utvikling å bryte med nettverk, til dømes biologisk familie eller tidlegare vennegjeng. Dette kan vere viktig når nettverka er negative for utviklinga, eller ungdomen sjølv tek bevisste val om å kutte kontakta (t.d. Mandal, 2012). I denne teksten er ikkje dette tilfelle. Ida hadde kontakt med fleire ulike grupper av menneske ho kjende godt, såkalla primærgrupper (Raaheim, 2002). Mikrosystemet til Ida bestod dermed av mange ulike primærgrupper som var viktige for henne, men fleire av desse gruppene kjende lite til kvarandre.

Forbindelsen mellom dei ulike mikrosistema er viktig. Fyrand (2005) understrekar at det har stor betydning for utviklinga hos barn og ungdom at personane innanfor dei ulike mikrosistema kjenner og støttar kvarandre. Fyrand (2005) skriv vidare at det er spesielt viktig for barn og ungdom at deira verden "heng saman", viss ikkje kan det skape forvirring og utryggheit. Ida gav ofte uttrykk for at det var litra grad av kjennskap og samarbeid mellom dei ulike mikrosistema. Etter at Ida starta med musikkterapi heime i fosterfamilien har dette endra seg. Det vart til dømes naturleg for musikkterapeuten å slå av ein prat med fostermor over ein kopp kaffe. Ved å ete middag saman med fosterfamilien kunne musikkterapeuten merke den anspente stemninga mellom Ida og fostersøstera, samt fosterfar sine tapre forsøk på å dempe denne konflikta. Dette var med å påverke relasjonen mellom Ida og musikkterapeuten. Det virka som det var enklare for Ida å snakke om tema knytt til fosterfamilien sidan musikkterapeuten hadde ein viss kjennskap til dei. Samtidig kjende musikkterapeuten mange av venninnene til Ida, då ein del av dei var med i jentebandet på skulen. Musikkterapeuten kom såleis i den gode situasjonen at ho kjende både fosterfamilien, vennegjengen, læraren og saksbehandlaren i barnevernet. På denne måten fungerte

musikkterapeuten som det vi her vil kalle ein *mesoagent*, som jobba med å styrke forbindelsen mellom mikrosistema i Ida sitt liv.

Då Ida skulle vere med å opptre på konsert, skjedde det noko viktig. På konserten kom både hennar biologiske familie, fosterfamilien, vener frå både der ho budde før og der ho bur no, lærarar på skulen og saksbehandlar i barnevernet. Mange møttest for første gong, og Ida var i sentrum. Slike møteplassar kan opne opp for alliansebygging mellom aktørar i nye nettverk. Aktørar som allereie er i kontakt med den unge, kan oppleve nye identitetar hos han/henne. Dette kan vere eit godt utgangspunkt dersom nye tiltak skal utviklast (Bergset, 2012). Slike arenaer er truleg ei mangelvare for mange fosterheimsbarn. Bronfenbrenner (1979) meiner at samanhengen mellom dei ulike mikrosistema i den unge sitt liv kan ha like stor betydning for hans/hennar utvikling som kvaliteten på samhandlinga innanfor kvart mikrosystem. Denne samanhengen, meiner vi, er spesielt viktig å vere bevisst på i arbeid med barn og ungdom i fosterfamiliar. For ein ungdom med eit fragmentert nettverk, kan det vere muleg å manipulere ulike delar av nettverket (Fyrand, 2005). På same tid kan det vere vanskeleg å oppdage når ein ungdom eigentleg ikkje har det så bra som vedkommande framstår i eitt av nettverka. Ved at Ida sine ulike nettverk vart knytt tettare saman, kan dette virke positivt forebyggande for hennar utvikling vidare.

## **Musikkterapi i fosterheim**

Musikkterapi utført i fosterheim er eit nytt fagområde innan musikkterapi. Heimebesøk generelt er lite representert i publisert musikkterapeutisk litteratur. Dokumenterte tilfeller er fyrst og fremst med; eldre eller palliative pasientar, familiesentrert tilnærming i arbeid med barn med autisme, og familiar med små barn (Williams, 2014). Roberts (2006) beskriv musikkterapi i heimebesøk for barn og ungdom som er i sorg etter at eit nært familiemedlem har gått bort. Eit viktig argument for at terapien skulle foregå i heimen, var at den unge skulle oppretthalde tilknytning til resten av familien (Roberts, 2006). Terapeuten kunne då gjere seg viktige obervasjonar av relasjonane mellom familiemedlemmene som kunne brukast i terapien. I Australia har politikk og praksis i aukande grad fokusert på stadsbaserte tilnærmingar i sitt tilbud til sårbare familiar som ikkje deltek i andre tilbod (Williams, 2014). Litteraturen her argumenterer for relevansen av musikkterapi i tidleg intervension og forebygging, og at heimebesøk kan brukast som ein mjuk inngang for sårbare familiar i overgangen til å delta i musikkterapi i ein meir samfunnsretta setting (ibid.). Vi finn likheter til

vårt arbeid, då barn i fosterheim også er sårbare og relasjonane mellom fosterbarn og fosterfamilie, samt fosterbarn og biologisk familie kan vere utfordrande.

Vår erfaring er at ungdomar i fosterheim ofte manglar eksisterande sosiale nettverk der dei kan engasjere seg i musikalske settingar. Ida har i det siste byrja på ein musikkverkstad der andre ungdomar som bur i fosterheim eller på barnevernsinstitusjon deltek. Vi opplevde at musikkterapi i fosterheimen til Ida var ein mjuk inngang for at Ida byrja på musikkverkstaden. Eit viktig perspektiv med tanke på samspelet mellom Ida og omgjevnaden, er at samfunnet også må førebu seg på å støtte og møte den unge (Bruscia, 1998). Ei utfordring for mesoagenten er dermed å finne kva miljø i samfunnet som best mogleg kan ta i mot den unge og støtte opp om hennar potensial og ressursar.

Musikkterapi i heimebesøk gjer det mogleg å observere dei involverte personane i ein naturleg setting (Williams, 2014). I fosterheimen kan musikkterapeuten observere Ida i hennar sosiale praksis med fosterfamilien sin. Kunnskapen om korleis Ida tek del i denne samanhengen, kan hjelpe oss til å forstå hennar aktivitet og hennar deltaking i denne konteksten. Ei slik forståing av korleis Ida oppfører seg i kvardagen, kan sjåast i samanheng med Dreier (2009) sitt perspektiv om at sjølvforståing vert skapt gjennom ein person si deltaking i sosial praksis, og at personen sjølv regulerar eiga deltaking. Dette inkluderar forståing av korleis andre vert påverka av personen sin oppførsel, og at ein opptrer ulikt i forskjellige kontekstar, som til dømes i fosterheimen, hjå biologisk familie, på skulen og i ulike vennenettverk.

### Inkludering av skulemiljøet – ei ytterlegare styrking av mesosystemet

Miljøet blant jentene i klassen til Ida var prega av dominante personlegdomar, og det hadde utvikla seg til eit miljø som læraren beskrev som svært tøft. I samråd med fagkonsulenten til familien, vart tilbodet å lage eit jenteband. Alle dei sju jentene i klassen var positive til dette, og vi byrja med bandøving 1,5 time annankvar veke. Musikkterapeuten har hatt god dialog med foreldre og lærar til jentene, og såleis har fleire i mikrosystemet kring Ida hatt nær kontakt og arbeidt mot eit felles mål. Når ein arbeider på denne integrerte måten, er det avgjerande med fortløpende kommunikasjon, fleksibilitet og å kunne bygge positive relasjonar (Williams, 2014). I caset om Ida samarbeidde musikkterapeuten med saksbehandlar, rådgjevar, pedagog, fosterfamilien og vennenettverket. Dette blei gjort i håp om at Ida kunne oppleve at dei vaksne bryr seg, og at ho vart sett frå fleire kantar. Denne måten å arbeide på er også i tråd med det Fyrand (2005) skriv at dei som er i mikrosystemet til ungdomen bør ha kontakt med kvarandre og vere samkøyrd.

## Korleis kan musikkterapeuten jobbe som mesoagent for fosterbarn?

Øydelagde relasjonar og vonde kjensler kan ofte prege fosterheimsbarn. Mange gongar kan det vere vanskeleg å snakke om alt det vanskelege. Musikkterapi kan i slike tilfelle vere ein nyttig metode. Som spedbarn samhandlar vi musikalsk lenge før vi samhandlar verbalt. Denne kommunikative musicaliteten ligg til grunn for sosial kommunikasjon og samhandling resten av livet (Trevarthen, 2002, 2003). Procter (2011) meinat at det ligg moglegheiter i musikkterapien til å reparere kommunikativ musicalitet som anten aldri vart utvikla i relasjonar i barndomen, eller har blitt skada av påfølgande livserfaring (Procter, 2011). Musikk, som ein ikkje-verbal kommunikasjonsform, har difor moglegheiter til å hjelpe barn som er blitt utsatt for traumatiske hendingar (Jacobsen, 2012). Gjennom musikk kan ein hjelpe barna til å sjølv regulere og lindre kjensler, som i neste omgang kan hjelpe barnet til å oppleve stabilitet. Det kan også hjelpe barna til å eksternalisere deira indre verd frå ein tryggare avstand (Jacobsen, 2012).

Å skrive låtar kan vere ein måte å integrere verkelegheita av til dømes biologiske foreldre sine handlingar, slik at den unge kan gå vidare å gjere erfaring med gode relasjonar. I eksempelet om Ida ser vi at ho brukar musikken til å kommunisere med biologisk mor. Gjennom låta ho skriv uttrykker ho tankar og vanskelege kjensler ho har bore på lenge. Musikken kan skape ein avslappande og beroligande atmosfære som gjer at tankar og kjensler kan bli formidla meir fritt (Jacobsen, 2012). Ida kan dermed bruke den musikalske kapitalen ho ervervar på mikronivå saman med musikkterapeuten, til å erverve ny sosial kapital i andre samanhengar. Ein slik sosial kapital som Ida kan bruke i dagleglivet sitt, inkluderar forbindelsar mellom individ og sosiale nettverk (Procter, 2011). Såleis kan musikkterapien i ulik grad vere i interaksjon med andre kontekstar i kvardagslivet til Ida.

Musikalsk engasjement kan vere av stor betydning for identitetskonstruksjon hjå ungdom (McFerran, 2010). Bruken av musikk for å uttrykke aspekt ved seg sjølv i ein sosial identitet kan gjerast både gjennom eksisterande songar og individuell terapeutisk låtskriving (Amir, 1999; Cheon-Clinch, 2009; McFerran, 2010). Musikken si rolle i denne identitetskonstruksjonen kan vere spesielt fruktbar for ungdom med fosterheimserfaring på bakgrunn av den komplekse personlege biografien deira (Zanders, 2011). Ruud (2010: 40) forklarar at: "identity is constructed through the narratives we will tell ourselves in relations to musical events and experiences in different contexts". Han meiner vidare at musikkpreferansar er ein måte å utføre våre identitetar på, og at gjennom engasjement i musikk kan kontinuitet og stabilitet oppretthaldast (Ruud, 2010, 1998). Ida sitt musikalske engasjement vart hennar måte å kommunisere med dei kring seg.

Betydinga for musikkterapeutisk praksis med målgruppa, meiner vi er musikken sine moglegeheiter til å nå ressursar og erverve nye. Musikk er noko dei fleste ungdomar nyttar i sin kvardag, og har difor eit stort nedslagsfelt for dei som responderer til dette (Skarpeid, 2009). På den andre sida vil ungdomar som ikkje responderer til musikk, ha behov for å bli møtt gjennom ein annan meistringsarena. Her handlar det om at ein som profesjonell må prøve å møte ungdomen på eitt av hans/hennar interessefelt og bygge relasjonen til ungdomen ut frå dette. Nokre ungdomar vil respondere meir på fotball eller riding enn på musikk, og då vil dette vere eit meir effektivt område for mesoagenten å arbeide med. For å nå kvar ungdom si unikskap, er ungdomen si respondering det viktige. Dette fokuset finn ein også att i teoriar om positiv ungdomsutvikling og utvikling av initiativ (Larson 2000; Damon 2004). Utvikling av initiativ inneholder motivasjon og konsentrasjon, og at dette kan vare over tid. Larson (2000) finn desse kvalitetane att i frivillige aktivitetar som sport, ulike hobbyar, spele i band og engasjere seg i organisasjonsarbeid. På same måte som ein ikkje kan drive med fysisk treningskurs for alle ungdomar, vil heller ikkje alle ha glede av å drive med musikkrelaterte aktivitetar. Å finne interessefeltet til ungdomane; kva dei vil og drøymer om, er hovudfokuset (Bergset, 2012).

I følgje Hense (2015) fins det lite forsking på korleis musikalske identitetar spelar seg ut over terapeutisk samanheng. Vi delar Rolvsjord (2013) sitt syn om at vi treng meir innsikt i korleis klienten involverer musikkterapi i kvardagslivet sitt. Musikkterapi vert som regel gjeve vektentleg mellom 45–60 minutt, eller som i vårt prosjekt annankvar veke med varigheit på 90 minutt. Det er med andre ord ein svært liten del av kvardagslivet til personen. Rolvsjord (2013) meiner det er opp til klienten å nyttiggjere seg av fordelane erverva i musikkterapien i ulike samanhengar i kvardagen sin. Ei kvalitativ studie av familieterapi utført av Dreier (2008), utforska korleis ein familie gjorde nytte av terapien i ulike kontekstar og sosiale praksisar. Gjennom kartlegging av endringar fann forfattaren ut at terapien var i eit konstant samspel på tvers av andre samanhengar (Dreier, 2008). Dette samsvarar med fortellingane frå Ida, om korleis ho brukar musikken både i skulesamanheng, ilag med biologisk mor, og i nye vennenettverk. På praksisnivå, er heimebesøk ein erkjennelse av at one-size-fits-all modell for levering av tenester, er usannsynleg når ein tek personen sine ulike behov, ressursar, familiesetting og motivasjon i betraktning (Williams, 2014).

### ‘One size never fits all’

Vi har i denne teksten argumentert for korleis musikkterapi i fosterheim kan skape eit balansert mesosystem, altså samanheng mellom mikrosistema, i den unge sitt liv. Nokre gongar kan unge i fosterheim ha behov for at der er ein person som er med

å skape denne samanhengen. Dette kan skje ved å delta i eitt av fosterbarnet sitt viktigaste mikrosystem, nemleg fosterfamilien. I tråd med Bronfenbrenner (1979) sitt syn på det dynamiske forholdet mellom dei ulike systema personen er ein del av, kan ein ikkje alltid lokalisere problem hjå enkeltpersonen, men at det er samhandling mellom ulike samfunnskrefter problema botnar i (Ans dell, 2002).

Mange fosterbarn er i ein sårbar situasjon. Det krev høg fagleg kompetanse og djup menneskeleg innsikt hos profesjonelle for å ta gode avgjersler og møte desse barna og ungdomane på ein best mogleg måte. Å forstå fullt ut kva det vil innebere for eit menneske at sine nærmeste og kjæraste ikkje kjenner til kvarandre, er vanskeleg for dei av oss som aldri har opplevd dette. Det bør kanskje vere opp til barnet sjølv om desse gruppene bør kjenne til kvarandre. Om barnet ønsker dette, bør det ikkje vere barnet sitt ansvar å gjennomføre det.

Heldigvis opplever mange barn å ha eit mesosystem i balanse, ein sterk samanheng mellom dei ulike gruppene i mikrosystemet sitt; Foreldre og skule samarbeider tett, venene kjenner søskena, fotballtrenaren kjenner onkelen, og bestemor deltek på konsertane til koret. Dette var ikkje tilfelle for Ida, og vår oppfatning er at dette gjeld for mange fosterbarn. Når vi veit at eit balansert mesosystem er viktig for at fosterbarn skal oppnå ei positiv utvikling, bør ikkje dette prioriterast høgt av oss profesjonelle som jobbar med denne gruppa menneske? Rundt eit fosterbarn kan det vere mange menneske med sterke følelsar, nokre som er såra, andre som er sjalu. Det er ikkje vanskeleg å forstå at det kan vere utfordrande å få desse gruppene til å møtast. Det kan vere ei viktig, men vanskeleg oppgåve både for fosterbarnet sjølv og profesjonelle i systemet. Vi trur at musikk eller andre aktivitetar kan vere med å lette denne oppgåva. Ved at dei viktige gruppene rundt fosterbarn møtast på naturlege arenaer som til dømes ei øving, ein konsert eller ei teaterforestilling, kan desse møta enklare gjennomførast. Men denne typen møter kan ikkje kopierast ut frå ein modell der tanken om at dette skal passe alle – at *one size fits all* (Williams, 2014), det må bli skreddarsydd til det enkelte fosterbarnet. *Ein* modell eller *ein* måte å løyse ting på kan aldri passe til alle menneska i ei målgruppe.

Vi ser at det vil kreve meir ressursar, økonomiske så vel som kreative. Likevel meiner vi dette er ei god investering i eit førebyggande perspektiv. Kvart einaste barn fortunar å vekse opp i trygge, heilhitlege rammer. Det er viktig at barn og ungdom opplever at mesosystemet er i balanse; at deira verden "heng saman", viss ikkje kan det skape forvirring og utryggheit (Fyrand, 2005). Med utgangspunkt i alle forandringsane som pregar livet til mange fosterbarn, kan nok mange oppleve forvirring og utryggheit. Musikkterapi i fosterfamiliar vil ikkje løyse alle problem for fosterbarn, men om musikken og musikkterapeuten kan fungere som mesoagentar og skape

sterkare samanheng i eit ung menneske som Ida sitt liv, kan dette vere betydningfullt for mange.

## Avslutning

Vi har i denne teksten argumentert for kva musikkterapi kan tilby ungdom som bur i fosterheim. Både musikkterapi og musikkterapeut kan i denne konteksten fungere som ein mesoagent, ein faktor som kan styrke mesosystemet i ungdomen sitt liv. Når musikkterapeuten både er i fosterfamilien, i skulen, og samtidig har kontakt med barnevernet, er der ein person i ungdomen sitt liv som kjenner til mange av dei viktige relasjonane han/ho har i sine mikrosystem. I tillegg kan framføringar/konsertar opne dørene til ei ytterlegare styrking av mesosystemet. Dette ved at nettverk frå både fortid og notid vert invitert. Slik kan kontinuiteten i livshistoria til ungdomen også styrkast.

## Referansar

- Amir, D. (1999). "My music is me": Musical presentation as a way of forming and sharing identity in music therapy group. *Nordic Journal of Music Therapy*, 21, 176–193. doi: 10.1080/08098131.2011.571279
- Ansdell, G. (2002). Community music therapy & the winds of change. *Voices: A World Forum For Music Therapy*, 2(2). doi: 10.15845/voices.v2i2.83
- Bergset, L.-J. (2012). *Musikk mot kriminalitet*. Ei studie om relasjonsbygging som førebyggingsarbeid med ungdomar som er i faresona for å utføre kriminalitet. Masteroppgåve, Norges musikkhøgskole. Oslo: Norges musikkhøgskole.
- Bronfenbrenner, U. (1979). *The Ecology of Human Development*. Cambrigde: Harvard University Press.
- Bronfenbrenner, U. og Morris, P. A. (1998). The ecology of developmental processes. I W. Damon og R.M. Lerner (red.) *Handbook of child psychology: Theoretical models of human development* (993–1028). (5th ed., Vol. 1) New York: Wiley.
- Bruscia, K. (1998). *Defining music therapy*. Gilsum, NH: Barcelona Publishers.
- Bunkholdt, V. og Kvaran, I. (2015). *Kunnskap og kompetanse i barnevernsarbeid*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Cheong-Clinch, C. (2009). Music for engaging young people in education. *Youth Studies Australia*, 28(2), 50–57.

- Coleman, J. og Hagell, A. (2007). *Adolescence, risk and resilience: Against the odds*. Chichester: Wiley.
- Damon, W. (2004). What is Positive Youth Development? *The ANNALS of the American Academy of Political and Social Science*. Published by SAGE. <http://www.sagepublications.com>, 13–24.
- Dreier, O. (2008). *Psychotherapy in everyday life*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Dreier, O. (2009). Persons in structures of social practice. *Theory & Psychology*, 19(2), 193–212.
- Farmer, E., Moyers, S. og Lipscombe, J. (2004). *Fostering Adolescents: Research Messages on Placement Success*. London: Jessica Kingsley Publishers.
- Fyrand, L. (2005). *Sosialt nettverk. Teori og praksis*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hense, C. (2015). Forming the Youth Music Action Group. *Voices: A World Forum for Music Therapy*, Vol 15, No. 1.
- Jacobsen, S.L. (2012). *Music Therapy Assessment and Development of Parental Competences in Families Where Children Have Experienced Emotional Neglect*. Ph.d.-avhandling, Aalborg Universitet. Aalborg: AAU, Det humanistiske fakultet.
- Larson, R.W. (2000). Toward a Psychology of Positive Youth Development. *American Psychologist*, vol. 55, No. 1, 170–183.
- Mandal, A.B. (2012). "De sådde frøet, men jeg grodde ideen": Ei evalueringsundersøking av Ungdom mot Vold sitt arbeid med straffedømt ungdom. Masteroppgave i psykologi, Universitetet i Oslo. Oslo: UiO, Psykologisk institutt.
- McFerran, K. (2010). *Adolescents, music and music therapy*. London: Jessica Kingsley Publishers.
- Nafstad, H. E., Blakar, R. M., Carlquist, E., Phelps, J. M. og Rand-Henriksen, K. (2009). Globalization, neo-liberalism and community psychology. *American Journal of Community Psychology*, 43(1–2), 162–175.
- Procter, S. (2011). Reparative musicking: Thinking on the usefulness of social capital theory within music therapy. *Nordic Journal of Music Therapy*, 20, 242–262. doi:10.1080/08098131.2010.489998
- Raaheim, A. (2002). *Sosialpsykologi*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Roberts, M. (2006). "I Want to Play and Sing My Story": Home-Based Songwriting for Bereaved Children and Adolescents. *Australian Journal of Music Therapy*, Volume 17, 18–34.
- Rolvssjord, R. (2013). Music Therapy in Everyday Life, with 'the Organ as the Third'. I L.O. Bonde, E. Ruud, M.S. Skåland og G. Trondalen (red.) *Musical Life Stories: Narratives on Health Musicking*, s. 201–220. Oslo: NMH-publikasjoner 2013:5, Skriftserie fra Senter for musikk og helse, vol. 6.

- Rutter, M. (2006). Implications of resilience concepts for scientific understanding. *Annals of the New York Academy of Sciences*, 1094, 1–12.
- Ruud, E. (1998). *Music therapy: Improvisation, communication, and culture*. Gilsum, NH: Barcelona Publishers.
- Ruud, E. (2010). *Music therapy: A perspective from the humanities*. Gilsum, NH: Barcelona Publishers.
- Sinclair I., Baker, C., Wilson, K. og Gibbs, I. (2005). *Foster Children: Where They Go and How They Get On*. London: Jessica Kingsley Publishers.
- Skarpeid, G. (2009). Daglig musikklytting. I E. Ruud (red.) *Musikk i psykisk helsearbeid med barn og unge*, s. 131–152. Oslo: NMH-publikasjoner 2009:5, Skriftserie fra Senter for musikk og helse, vol. 2.
- Trevarthen, C. (2002). Origins of musical identity: Evidence from infancy for musical social awareness. I R.A.R. MacDonald, D.J. Hargeaves, og D. Miell (red.) *Musical identities* (21–38). Oxford: Oxford University Press.
- Trevarthen, C. (2003). Neuroscience and intrinsic psychodynamics: Current knowledge and potential for therapy. I J. Corrigall og H. Wilkinson (red.) *Revolutionary connections: Psychotherapy and neuroscience* (53–78). London: Karnac Books.
- Waller, M. (2001). Resilience in ecosystemic context: Evolution of the concept. *American Journal of Orthopsychiatry* 71(3): 290–297.
- Williams, K.E., Teggelove, K. og Day, T. (2014). Contemporary cultures of service delivery to families: Implications for music therapy. *The Australian Journal of Music Therapy*, vol 25, 148–173.
- Zanders, M.L. (2011). *The musical and personal biographies of adolescents with foster care experience*. United States Code: ProQuest Dissertations Publishing.